

Stryn kommune

2016 - 2020

Kommunal planstrategi



Planstrategi

Samfunnsdel

Handlingsdel/Økonomiplan

Arealdel

Kommunedelplan

Kommunestyret 22.09.2016
Sak 15/973 Dokument 14

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Føremålet med kommunal planstrategi.....	3
1.2.	Plansystemet	3
2.	Eksisterande planar - status	5
2.1.	Kommuneplanen	5
2.2.	Tematiske kommunedelplanar.....	6
2.3.	Sektor-, tema og fagplanar.....	6
2.4.	Interkommunalt plansamarbeid	6
3.	Overordna føringar	7
3.1.	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
3.2.	Regional planstrategi.....	7
4.	Utviklingstrekk	9
4.1.	Folketalsutvikling.....	9
4.2.	Kjønnsfordeling	10
4.3.	Busetjingsmønster.....	10
4.4.	Framskriving av folketallet	11
4.5.	Innvandrarar	13
4.6.	Levekår og livskvalitet	14
4.7.	Næringsliv og sysselsetting	15
5.	Utfordringar	16
5.1.	Kommuneplanen sin arealdel.....	16
5.2.	Klima og energi.....	18
5.3.	Tettstadutvikling.....	18
5.4.	Samferdsel og infrastruktur	19
5.5.	Verdiskaping og næringsutvikling	20
5.6.	Natur, kulturmiljø og landskap.....	21
5.7.	Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø	22
6.	Prioriterte planoppgåver 2016-2020	25
6.1.	Kommuneplanen – samfunnsdelen	25
6.2.	Kommuneplanen - arealdelen.....	25
6.3.	Tematiske kommunedelplanar.....	26
6.4.	Reguleringsplanar.....	26

1. Innleiing

1.1. Føremålet med kommunal planstrategi

Innan fyrste året i kvar valperiode skal kommunestyret vedta ein kommunal planstrategi. Dette er heimla i plan- og bygningslova (PBL) § 10-1.


Det står her at planstrategien skal omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, som gjeld både langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og sektorane si verksemd.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å få ei samla oversikt og vurdering av kommunen sitt planbehov i kommunestyreperioden basert på utfordringar kommunen står overfor. Planstrategien kan i tillegg gje føringar for kommunen sitt plansystem og planressursar.

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for kommunen å fastleggje og prioritere det vidare planarbeidet.

1.2. Plansystemet

Kommunane har ei rekkje planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidde både etter plan- og bygningslova (PBL), og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet.



Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet og skal vere førande for utviklinga i kommunen. Kommuneplanen kan etter behov detaljerast i form av kommunedelplaner.

I *samfunnsdelen* skal ein ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen.

I *arealdelen* skal ein vise samanhangen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen er juridisk bindande, og omfattar plankart, føresegner og planhefte. Plankartet skal vise hovudføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Kommunedelplaner kan utarbeidast for enten avgrensa areal, eller for avgrensa tema/verksemdsområde. Kommunedelplanane skal følgje opp utvalde mål i kommuneplanens samfunnsdel, eller konkretisere arealbruken i eit avgrensa geografisk område.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som har til felles at dei utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Dette kan vere planar som er pålagt ved lov eller forskrift, planar som er viktige i planlegginga av dei einskilde verksemdsområda eller planar som omhandlar sektor-overgripande tema. Sektor-, tema- og fagplanar er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering av mål og oppfølging med tiltak.

I nokre tilfelle kan slike planar få status som *kommunedelplanar*. Kommunedelplan som planform kan nyttast når

- planen er av overordna karakter, og har ein handlingsdel som krev rullering
- planen bør offentleg høyrast med høve til brei medverknad, og dermed bør følgje høyringsprosessane etter plan- og bygningslova.

Kommuneplanen sin handlingsdel/handlingsprogram

Kommuneplanen skal ha eit handlingsprogram som viser korleis kommuneplanen skal følgjast opp dei fire påfølgjande åra eller meir, og reviderast årleg. Handlingsprogrammet gjer ei prioritering av kva vi *bør* få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi *kan* få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen. Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen. Årsrekneskap og årsmelding dannar grunnlag for årleg revisjon av handlingsdelen.

Revisjon og rullering

Kommuneplanen er ein dynamisk plan, der behovet for revisjon og rullering blir vurdert kvart 4. år. Med *revisjon* meinast full saksbehandling etter plan- og bygningslova. Revisjon skjer som regel kvart 4. år.

Med *rullering* meinast mindre vesentlege endringar/oppdateringar/justering av handlingsdel. Rullering skjer vanlegvis årleg.

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av et arealplankart med tilhøyrande føresegner som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader.

Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som nyttast for å gi områdevis avklaringar av arealbruken. Dette er nyttig når det er naudsynt for å fastsetje overordna strukturer i område som byggast ut gjennom små, private detaljreguleringar.

Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for et avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Utarbeidast som regel av private aktørar.

2. Eksisterande planar - status

Under følgjer ein gjennomgang av kommunen sine planar.

Detaljreguleringsplanar er ikkje med i denne oversikta. Desse finn ein i kommunen sitt planregister.

2.1. Kommuneplanen

Samfunnsdelen for Stryn har eit tidsperspektiv på 12 år (2013-2024), og har følgjande hovudmål:

- Vekst basert på bulyst og næringsutvikling

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga blei det vedteke følgjande satsingsområde:

- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet
- Bulyst og bustadtilbod

Handlingsdelen til samfunnsdelen er ein del av økonomiplanen.

Arealdelen består av eit hovudkart, samt ein del kommunedelplanar som viser arealbruken med større detaljering. Dette er følgjande planar, med vedtaksår bak namnet:

- Hovudkartet – 2006
- Hopland/Randabygda - 2006
- Fjelli/Vangen - 2006
- Blakset - 2006
- Bøasetra/Ullsheim - 2013
- Faleide/Langeset - 2006
- Stryn sentrum - 2006
- Hjelle - 2006
- Fosnes - 2006
- Loen – 2006
- Loen sentrum - 2012
- Olden - 2015
- Oldedalen - 2006
- Innvik - 2006
- Utvik - 2006
- Kystsoneplanen - 2009

Kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde

Kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde er under utarbeiding. Planområdet omfattar kommunedelplan for Faleide/Langeset og Stryn sentrum i tillegg til delar av hovudkartet og kystsoneplanen.

Målet med planen er mellom anna å leggje til rette for meir næringsareal, nye område til bustader og fritidsbustader, friluftsliv, fleire gang- og sykkelveggar og betre sentrumsutforming.

Ein del av dei utfordringane som sto i førre planstrategi vil bli løyst ved vedtak av denne planen.

2.2. Tematiske kommunedelplanar

Dei tematiske kommunedelplanane skal vere tydeleg forankra i den overordna kommuneplanen. Dei skal følgje opp måla og strategiane som er vedtekne i samfunnsdelen.

Kommunen sine tematiske kommunedelplanar er:

- Kommunedelplan for bygningsvern (2000)
- Differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget (2007)
- Differensiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget (1999)
- Energi og miljøplan Stryn kommune 2009-2013
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016
- Kommunedelplan for kultur 2013-2016
- Kommunedelplan for oppvekst 2014-2024
- Psykiatriplan for Stryn kommune 2007-2012
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Stryn kommune 2016-2020
- Kommunedelplan for Trafikktrygging og samferdsle 2013-2016
- Kommunedelplan for vassforsyning 2011-2020

2.3. Sektor-, tema og fagplanar

Kommunen har fleire sektor-, tema og fagplanar. Desse planane blir utarbeidd etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Nokre av desse har betydning for kommuneplanarbeidet:

- Biologisk mangfald (2002, nye registreringar 2011)
- Bustadsosial handlingsplan 2010-2021
- Energiutgreiing (2011)
- Handlingsplan for busetting av flyktningar – og innvandrarar i Stryn kommune 2014-2017
- Kjerneområde Landbruk (2006)
- Kriseleiingsplan inkl. ROS-analyse (2015)
- Saneringsplan for avløp 1995 (+ kloakkrammeplan 1978 og 1988)
- Smittevernplan (2008)
- Tiltaksstrategi for nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2013-2017
- Tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket 2013-2016

2.4. Interkommunalt plansamarbeid

Stryn kommune har delteke i følgjande interkommunale planar, og som har betydning for kommuneplanarbeidet:

- Forvaltningsplan for Vassområde Nordfjord 2016
- Regional plan for Ottadalen villreinområde 2014

3. Overordna føringar

3.1. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteken ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Dokumentet handlar om kva regjeringa forventar at statlege mynde, fylkeskommunane og kommunane skal ta omsyn til i planlegginga. I medhald av § 6-1 i plan- og bygningslova skal eit slikt dokument utarbeidast kvart fjerde år.

Forventningane er meir generelle enn statlege planretningsliner og planføresegner, som konkretiserer nasjonale omsyn på einskilde område. Forventningane formidlar ikkje alle statlege interesse, oppgåver og omsyn som planlegginga skal ivareta, og som er forankra i forskrifter, stortingsmeldingar og rundskriv.

Forventningane er skildra under tre hovudpunkt:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med dei regionale og kommunale planstrategiane, og bidra til at planlegginga i fylker og kommunar tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga. Dokumentet er såleis sentralt i arbeidet med planstrategien.

Fylkesmannen syner til forventningsdokumentet og rår til at kommunen i planstrategien konkretiserer dei ulike tema innanfor miljø og samfunn som skal ha særskilt fokus i planlegginga framover. I tillegg skriv dei at det er viktig å synleggjere kommunen sine langsiktige og overordna utviklings-/utbyggingsstrategiar.

Forventningane skal òg leggjast til grunn for utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova i fylka og kommunane.

3.2. Regional planstrategi

Etter Plan- og bygningslova skal fylkestinget minst ein gong i valperioden, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein regional planstrategi. Føremålet med planstrategien er å setje fokus på kva for strategiar ein vil velje for vidare utvikling og kva for planoppgåver det er viktig å arbeide med i fylket i valperioden.

I samband med utarbeiding av regional planstrategi, er det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag- og utfordringsdokument som peikar på dei viktigaste utfordringane for fylket og strategiane for korleis jobbe vidare med desse. Dette er følgjande:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og integrering
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad
- Utvikling av kunnskapssamfunnet
- Klimaendringar og behov for klimaomstilling

Med bakgrunn i dei fem overordna utfordringane, er det føreslege følgjande prioritering av planarbeid i perioden 2016 – 2020:

Nye planar

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan eller interkommunale planar for senterstruktur og tettstadsutvikling
- Regional plan for kultur

Revidering/rullering av eksisterande planar

- Regional transportplan
- Regional plan for fysisk aktivitet
- Regional plan for vassforvaltning
- Fylkesdelplan for klima og miljø

Avvikling av eksisterande planar

- Fylkesdelplan for arealbruk


Framlegg til Regional Planstrategi 2016-2020 har vore på høyring. Stryn kommune har gjeve innspel til denne. Det er lagt opp til at den regionale planstrategien blir vedteke før den kommunale planstrategien for Stryn kommune.

4. Utviklingstrekk


Stryn kommune har eit areal på 1 377 km². Folketalet pr. 01.01.16 var 7 168. Dette betyr at det bur om lag 5 personar pr. km². Tilsvarende tal for Sogn og Fjordane er 6 og for heile landet 16.

4.1. Folketalsutvikling

I grafen under kan ein sjå at det i Stryn kommune frå 2007 generelt har vore ei positiv folketalsutvikling. Folketalet har i gjennomsnitt auka med 51 personer i året frå 2007 til 2016.



Folketalsutviklinga frå 2000 til 2016.




Detaljert framstillinga av ulike variable i folketalsutviklinga i frå 2010 til 2015.

I heile perioden oversteig fødselstalet tal døde i Stryn kommune, kor fødselsoverskot i gjennomsnitt var 17 personer. Innvandringa til Stryn kommune har variert dei siste åra, men tala viser at det over de siste åra er ein liten nedgang og det i 2015 var 97 innvandrarakar. I Stryn kommune er det ein tydeleg tendens til at utflytting oversteig innflytting der det i gjennomsnitt var netto innlandsk flytting på -65 personer, men tallene viser at det over dei siste 5 årene er ein liten auke i tal innanlandsk innflytting.

4.2. Kjønnsfordeling


Som i resten av fylket har også Stryn kommune ei utfordring i høve til kjønnsbalansen. I fig. 2.3 syner prognosane eit underskot av kvinner. I 2015 er det 77 kvinner pr. 100 menn i alderen 20-39 år. Kvinneunderskotet i denne aldersgruppa ser ut til å gå ned fram mot 2040. I 2040 vil det verre 92 kvinner pr. 100 menn.




Kjønnsforskjellar i aldersgruppa 20-39 år i Stryn kommune

4.3. Busetjingsmønster

I figuren under kan ein sjå at flest innbyggjar i Stryn kommune bur i spreiddbygd strøk, og at delen som bur i tettbygd strøk er aukande. I 2005 var det 40% innbyggjar som bur i tettbygd strøk, og i 2015 var det om lag 47 % av innbyggjar i Stryn kommune som bur i tettbygd strøk. I Sogn og Fjordane bur 56 % i tettbygd strøk, medan tala for heile landet er 77 %.



Syner del av befolkninga som bur høvesvis i tettbygde og spreiddbygde strøk




Grafisk framstilling av folketalsutviklinga på skulekrinsnivå for perioden 1990 – 2016 (SSB)

Tonning krins har hatt jamn vekst i heile perioden. Loen hadde jamn vekst fram til 2014, men har sidan gått litt tilbake. Oppstryn, Utvik, Rand og Oldedalen har hatt ei negativ utvikling.

4.4. Framskriving av folketalet


Statistisk sentralbyrå gjennomførte folketalsframskriving i juni 2011. Det ligg føre 9 ulike framskrivingsalternativ bygd på ulike føresetnader. For Stryn er det nytta MMMM som står for: Mellomnivå fruktbarheit – Mellomnivå levealder – Mellomnivå mobilitet (innanlands flytting) – Mellomnivå nettoinnvandring (mest brukt i ulike planprosessar og av offentlege instansar).

Dette er prognosar, noko som betyr at viss vi får større endringar, til dømes i innflytting og utflytting, vil dette påverke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvsagt også gje mindre endringar i prognosane.




Prognosen syner at Stryn kommune vil i framskrivingsperioden 2015-2040 ha ein befolkningsauke på 1069 personar. Dette er ein auke på om lag 15 %.

Framskriving aldersgrupper 2015-2040: Stryn



Framskrivingar for dei ulike aldersgruppene i perioden 2015-2040 for Stryn kommune

I tabellane over kan ein sjå at det er auke i alle aldersgruppene i framskrivingsperioden frå 2015 fram til 2040. I aldersgruppene 0-44 år er endringane liten. Aldersgruppa 45-66 år vil auka med 14 %, og Stryn kommune vil få ei stor auke i aldersgruppene +67 år. Gruppa 67-79 år vill auke med 43 % og gruppa 80-89 år vill auke med om lag 100 %.




Framskrivingar som syner behovet for barnehage og skule og innanfor helse- og omsorgstenestar

Det kan sjå ut som om dimensjonering av barnehage, skule og vidaregåande skule i 2040 vil ligge på det nivå som er i dag. Største auken er i skulealdersgruppa med ei auke på 56 barn.

Utfordringa for Stryn kommune er knytt til helse og omsorgstenestene med den forventede auken i aldersgruppa +67 år på 58 %. Det vil gje kommunen utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som både kapasitetsmessig og kvalitetsmessig innfrir krav og forventningar frå brukarar og myndigheiter.

Vi ventar store demografiske endringar i Stryn kommune fram mot 2040. Samansetninga av alder i befolkinga i 2015 samanlikna med samansetninga av alder i 2040 baseret på befolkningsframskrivinga er illustrert i ein befolkningspyramide.




Folketalet pr. 01.01.2015 samanlikna med framskrivinga for 2040, fordelt på dei ulike aldersgruppene

4.5. Innvandrarar

Om lag 15 % av innbyggjarane i Stryn kommune er innvandrarar, fyrst og fremst i frå Europa.

Framleis er det arbeidsinnvandringa som er den dominerande innvandrargruppa. I figuren under kan ein sjå det er flest (78 %) innvandrarar frå landa i Europa unntatt Tyrkia. Tal på innvandrar tek ikkje opp i seg asylsøkjjarar sidan folketal er basert på innbyggjarar som har fått opphaldsløyve. Men tal frå Utlendingsdirektoratet viser at det i mars 2016 var 1320 bebuar i asylmottak i Sogn og Fjordane fylke.




Oversyn over kva for verdsdel innvandrane kom frå i 2015

Eit stadig meir fleirkulturelt Stryn kommune krev at kommunen lukkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane. I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktningane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrane og flyktningane er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.


Ei viktig oppgåve vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som har moglegheit til å påverke arbeidet med inkludering i positiv retning.

4.6. Levekår og livskvalitet




Folkehelseprofil for Stryn kommune, utarbeidd av Helsedirektoratet. Den viser at kommunen ligg signifikant dårlegare an enn gjennomsnitt for landet når det gjeld arbeidsledigheit blant ungdom, drikkevasskvalitet og skadar behandla på sjukehus. Kommunen ligg signifikant betre an enn gjennomsnittet i tal uføretrygda, trivsel i skulen og fråfall i vidaregåande skule.

4.7. Næringsliv og sysselsetting



Endring i sysselsette i Stryn kommune for perioden 2008-2014

Ved å sjå på endringane i sysselsette i perioden 2008-2014 finn ein den største endringa i Industrien med ei reduksjon på 100 sysselsette. Men også Jordbruk, skogbruk og fiske har hatt nedgang i perioden, ein reduksjon vi finn i dei fleste kommunane i fylket. Den største auken i sysselsetting finn ein innafor Helse- og sosialtjenester, og det heng fyrst og fremst saman med ein auke i det kommunale velferdstilbodet. Totalt er talet sysselsette i kommunen auka med 120 sysselsette i perioden 2008-2014.



Endring i sysselsette i Stryn kommune for perioden 2008-2014

5. Utfordringar

I dette kapittelet er det lista opp – uprioritert - utfordringar Stryn kommune står overfor, basert på lovkrav, eksterne innspel til planarbeid, politiske innspel i samband med planstrategiprosessen og aktuelle tema. Punkta er tematisk sortert. Desse bør leggjast til grunn for planarbeidet i valperioden.

5.1. Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel består av eit hovudkart samt ein del kommunedelplanar, jf. kap. 2 som syner status for eksisterande planar.

- **Ny plan- og bygningslov**

I samband med ny plan- og bygningslov kom det nye forskrifter for korleis plankartet skal utformast. Dette omfattar mellom anna endra planføremål for dei fleste områda. Det må i tillegg gjerast ein del korrigeringar for planane frå 2006, i og med at dei blei utarbeidd i mindre målestokk og er såleis unøyaktige, samt at dei må oppgraderast til ny SOSI-versjon. Dette er veldig arbeidskrevjande.

Planbehov: Revidere samtlege deler av arealdelen for å tilfredsstille nytt lovverk. Dette gjeld ikkje dei planane som er reviderte etter 2012.

- **Framlegg til delplanområde**

Med bakgrunn i punktet ovanfor er det ikkje føremålstenleg å revidere heile kommuneplanen sin arealdel samla slik planstatusen er i dag. Det er gjort ei vurdering av kva for inndeling ein bør ha på dei resterande kommunedelplanane, der ein har vurdert kva for område som bør planleggjast saman, ulike planbehov og arealutstrekning.

Framlegg til delplanområde i arealdelen som grunnlag for prioritering i kap. 6:

Kommunedelplan for Mindresunde-Folven

Arealutstrekning:

Vest: Plangrense kommunedelplan Langeset-Stryn -Storesunde

Aust: Til og med Folven

Sør: Fjellfot i hovuddalføret mot sør

Nord: Fjellfot i hovuddalføret mot nord, inkl. Veslebygda og Flo

Planbehov:

Nye bustadområde i alle deler av planområdet

Sentrumsplan for Hjelle sentrum

Reiselivssatsing

Framtidig utvikling av nasjonalparklandsby i Oppstryn?

Kommunedelplan for Vikane

Arealutstrekning:

Vest: Utvik sentrum Bruland

Aust: Plangrense E39 ved Frøholm

Sør: Utvik sentrum sør

Nord: Innvik sentrum Hilde

Planbehov:

Infrastrukturtiltak/sentrumsutvikling med omsyn til ny E39

Massedeponiområde tunellmasser

Manglande bustadareal i Utvik og Innvik sentrum

Nye næringsområde

Kommunedelplan for Nordsida

Arealutstrekning:

Vest: Kommunegrense Eid

Aust: Plangrense kommunedelplan Langeset-Stryn-Storesunde

Sør: Midtfjords kystsoneplanen

Nord: Kommunegrense Eid og Hornindal

Planbehov:

Nye bustadområde, alternativt LNF-areal for spreidd busetnad

Bevaringsverdige naustområde og stølsområde

Løypenett i kommuneplanen sin arealdel (Vangen)

Ny plassering av skytebane på Hopland (på grunn av støy)

Kommunedelplan for Loen

Arealutstrekning:

Vest: Plangrense kommunedelplan Langeset-Stryn -Storesunde

Aust: Til og med Sande ved Lovatnet

Sør: Plangrense gjeldande kommunedelplan Loen

Nord: Til og med Oppheim

Planbehov:

Nye bustadområde Rake/Solvik, i Loen og Lovatnet

Nye næringsareal

Reserve-drikkevasskjelde til Stryn sentrum, jf. kommunedelplan for vassforsyning

Hovudkartet

Arealutstrekning:

Alle "restareal" innan kommunegrensa inkludert Lodalen og Oldedalen og kystsoneplanen

Planbehov:

Drikkevasskjelder

Prioriterte stølsområde

Hytteområde

Naustområdeproblematikk

Område for friluftsliv

Omsyn til villrein

5.2. Klima og energi

- **Klimaendringar**

Det er forventa at klimaendringar vil påverke samfunnet på svært mange måtar. Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og tilpasse lokalsamfunnet til eit klima i endring. Dette vil påverke planar som gjeld bygging i strandsona og i flaum- og skredutsette område. NVE har mellom anna føringar på at det ikkje skal byggast nærmare enn 20 meter til kvar side av mindre elvar/bekkar, og at det skal takast omsyn til ein større utstrekning av dei flaumutsette områda på grunn av klimaendringane.

Planbehov:

Det skal takast omsyn til klimaendringane ved utarbeiding av planar.

Eige prosjekt: Klimavennleg areal- og transportplanlegging.

- **Klima- og energiplan**

Kommunal planstrategi 2002-2015 la opp til at Energi- og miljøplan 2009-2013 skulle reviderast i 2013. På grunn av mange andre planoppgåver er dette planarbeidet ikkje utført. Klimaendringar er ei aukande samfunnsmessig utfordring som må få større fokus.

Planbehov:

Revisjon av Energi- og miljøplanen med ny tittel: Kommunedelplan for klima og energi.

Temaet bør i tillegg få meir fokus ved neste revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

5.3. Tettstadutvikling

- **Stryn sentrum**

Helse- og sosialutvalet har innspel om at det gjennom arbeidet med kommunedelplanen for Langeset-Stryn-Storesunde vert sikra tilstrekkeleg areal for konsentrert bustadbygging for eldre, funksjonshemma, flyktningar og andre med særskilt behov i Stryn sentrum.

Planbehov:

Vedtak av kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, der det er tilrådd fleire nye sentrumsnære bustadområde som skal vere konsentrert utbygd.

I kommunedelplanen Langeset – Stryn – Storesunde er det føreslege endringar i sentrum, først og fremst på sørsida av miljøgata, som vil utløyse regulerings- og investeringsbehov. Dette omfattar mellom anna høgare utnytting, endra vegtraséar, fleire bustadområde og meir tilrettelegging ved elva for ålmenta.

Planbehov:

Ny detaljreguleringsplan for Stryn sentrum søraust. Planen skal omfatte området avgrensa av rundkøyringa i vest, Tonninggata og så langt aust som planen syner sentrumsføremål.

- **Innvik og Utvik**

Det er behov for å leggje til rette for meir bustad- og næringsareal i Innvik og Utvik. Dette vil vere aktuelt å løyse i ein samla kommunedelplan for Vikane. I og med at planen må sjåast i samanheng med kommunedelplanen for E39 Byrkjelo-Grodås vil det vere føremålstenleg å utsetje revisjonen noko slik at viktige premisser som tilførselsveg til E39 er avklart.

Planbehov:

Kommunedelplan for Vikane

- **Hjelle**

I Oppstryn, og spesielt på Hjelle, er det behov for å legge til rette for fleire bustadar. På grunn av skredfare er moglegheita for nye bustadtomter svært avgrensa. Kommunen har difor fått tilbod på skredfarevurdering frå NGI for Hjelle og Folven. Alternativt kan ein sjå på korleis Hjelle sentrum kan utviklast for å gje rom for meir busetnad, til dømes er det mange hus som ikkje blir nytta til bustader.

Planbehov:

Gjennomføring av skredfarevurdering og revisjon av kommunedelplan for Mindresunde-Hjelle

5.4. Samferdsel og infrastruktur

- **E39 Byrkjelo-Grodås**

Kommunen er involvert i arbeidet med kommunedelplanen for ny E39 Byrkjelo – Grodås i perioden 2016 – 2018, som blir utarbeidd av Statens vegvesen. Vikane og Svarstad/Markane er dei to områda som vil bli berørt av planen. Dette planarbeidet krev ein del ressursar frå seksjon plan og næring.

Planbehov:

Utarbeiding av ny kommunedelplan for ny E39 Byrkjelo-Grodås.

- **Rv 15 Strynefjellet**

Konseptvalutgreiinga for Rv 15 over Strynefjellet er ikkje ferdig. Det er under utarbeiding ei tilleggsgutgreiing som skal sjå på løysingar som legg til rette for ein eventuell heilårsveg til Geiranger. Stranda og Stryn kommune har likevel meldt oppstart for ein kommunedelplan som omfattar vegarma ned til Geiranger. Det er berre ein liten del av planområdet som ligg i Stryn kommune, og her blir det truleg ein tunnell.

Planbehov:

Utarbeiding av ny kommunedelplan for Opplendskedal-Strynefjellet.

- **Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle**

Arbeidet med revisjon av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle er starta opp i 2016, og er planlagt lagt fram for vedtak hausten 2016. Planen omfattar vegsystemet i heile kommunen (riks-, fylkes- og kommunalt vegnett). Føremålet med planen er å kartleggje og prioritere trafikkfarlege stader og å prioritere tiltak – både fysiske og haldningsskapande. Vedteken plan skal mellom anna nyttast ved søknad om fylkeskommunale TIK-midlar (trafikktryggingstiltak i kommunane) og for innmelding til RTP (regional transportplan) og NTP (nasjonal transportplan).

Planbehov:

Revisjon av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle.

- **Gang- og sykkelveggar**

I tråd med målsetjinga til samfunnsdelen skal kommunen leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar. Trafikktryggleiksplanen set fokus på mjuke trafikkantar og nærleiken til skule. Den omfattar mellom anna ei prioritert liste over nye gang- og sykkelveggar. Dei som ikkje ligg i arealdelen bør leggjast inn i dei einiskilde kommunedelplanane ved fyrste høve.

Planbehov:

Det skal leggjast til rette for fleire gang- og sykkelveggar ved revisjon av arealdelen.

- **Breiband**

Breiband er i dag ein føresetnad for at samfunnet skal fungere, og for vekst og velferd. For innbyggjarar, næringsliv og besøkande i Stryn kommune er breiband viktig for å oppnå god kommunikasjon med kvarandre og med omverda.

Planbehov: Utarbeiding av kommunedelplan for breiband for å avklare og definere Stryn kommune sin vidare innsats på dette området.

5.5. Verdiskaping og næringsutvikling

- **Næringsutvikling**

Kommunen blir utfordra på mange hald til å bidra med ressursar for å legge til rette for næringsutvikling. Kommunen må gjennomgå sin strategi for næringsutvikling og vurdere omfang og innretning av næringsapparatet. Mellom anna er det aktuelt å vurdere kva rolle kommunen skal ha i arbeidet med næringsutvikling, og kva område og tema som skal prioriterast.

Planbehov:

Utarbeide strategisk næringsplan med kommunen sine prioriterte satsingar 2017 – 2027.

- **Nye næringsområde**

Kommunedelplanen for Langeset – Stryn – Storesunde inneheld framlegg om utviding av næringsareal i Stryn sentrum og på Langesethøgda/Stryn miljø- og næringspark. Det er også aktuelt å leggje til rette for nye næringsområde i Innvik og Utvik.

Planbehov:

Vedtak av kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, der det er tilrådd fleire nye næringsområde.

Kommunedelplan for Vikane.

- **Hovudanlegg for skyting**

I samband med utarbeiding av kommunedelplan Langeset – Stryn – Storesunde har ein ikkje klart å finne areal til eit nytt felles skyteanlegg innanfor planområdet. Det vil difor vere behov for ein planprosess for å vurdere kvar eit slikt hovudanlegg eventuelt skal vere, og om det kan vere aktuelt å sjå på tvers av kommunegrensene.

Planbehov:

Eige utgreiing som vurderer eksisterande hovudanlegg for skyting og eventuell ny plassering.

- **Sommarskiseret ved Tystigen**

For sommarskiseret ved Tystigen er det i gjeldande kommuneplan krav om utarbeiding av ein reguleringsplan. Dette har ikkje blitt gjennomført.

Nye planar for utvikling av sommarskiseret vil krevje planavklaring. På grunn av tidsaspektet bør dette løysast som ein områderegulering. Planen vil mellom anna avklare om det skal etablerast ei gondolbane i tilknytning til anlegget.

Planbehov:

Utarbeiding av ein områdereguleringsplan for Tystigen med omland.

- **Skogplan**

I 2006 definerte kommunen kjerneområde for landbruk og kulturlandskap. Det bør likeeins utarbeidast ei samla plan for skogsveggar og framtidig prioriterte område for skogbruk som grunnlag når ein går vidare med revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

Planbehov:

Utarbeiding av ein samla plan for skogsveggar og framtidig prioriterte område for skogbruk.

5.6. Natur, kulturmiljø og landskap

- **Ras- og skredfare**

NVE har i dei seinare åra utarbeidd aktsemdskart for ulike skredtype, som syner potensiell skredfare. Dette er ei stor utfordring for kommunen, ved at store delar av kommunen i utgangspunktet ikkje kan nyttast som byggjeområde. For Stryn sentrum fekk kommunen NGI (Noregs geologiske institutt) til å utføre ein skredfarevurdering, som førte til at meir område kunne byggjast. Ein må pårekne at tilsvarande vurdering må gjerast for andre tettstadar.

Planbehov:

Ein må pårekne at ein må gjennomføre skredfarevurderingar i samband med utarbeiding av kommunedelplanar.

- **Overskotsmassar**

Det har vore dårleg koordinering av overskot av masse ved større vegprosjekt og behov for masse andre stadar i kommunen. Sjølv om dette skal løysast i reguleringsplanen, har det blitt dumpa overskotsmasse i sjøen fleire stadar. Med bakgrunn i dette bør ein leggje til rette for mellombelse deponi i kommunen.

Planbehov:

I alle arealdelplanar som vert rullert må ein vurdere eigna areal for mellomlagring av overskotsmasse eller finne eigna bruk av masser som vil oppstå i planperioden.

- **Tilrettelegging for friluftsliv**

Tilrettelegging for friluftsliv i nærmiljøet er eitt av dei viktigaste tiltaka for folkehelsa. Kommunen har statleg sikring på to område i kommunen; Tonningleirane og Sti- og løypenettet på Bøasetra-Ullsheim. Det har vore arbeid med tilrettelegging for ein permanent turveg på Sætre (Strynemila-traseen).

I Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv er det eit mål at det skal stimulerast til kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområda i alle landets kommuner, med målsetjing om at flest mogleg av landets kommuner har kartlagt og verdsatt sine viktigaste friluftsområde innan 2018. Stryn kommune har ikkje starta dette arbeidet.

Etablering av eit interkommunalt friluftsråd ville ha avlasta kommunen mykje i slike saker.

Planbehov:

I alle arealdelplanar som vert rullert må ein vurdere om friluftslivsinteressene er godt nok ivaretekne og ein må vurdere trong for statleg sikring i område med større befolkningskonsentrasjonar.

Kartlegging og verdisetjing av dei viktigaste friluftslivsområda i Stryn kommune.

- **Kommunedelplan for kulturminne**

Kommunedelplan for kulturminne er under utarbeiding. Kommunedelplanen har tema «Mitt kulturminne». Stryn historielag har vore engasjert i planarbeidet. Målsetjinga med planarbeidet er å få opp kunnskapen om og engasjementet for kulturminne lokalt. Planen bør omfatte eit mangfald av kulturminne frå ulike delar av kommunen, og at dei tiltaka som krev økonomisk løyving blir vidareført i kommunen sin økonomiplan.

Planbehov:

Ferdigstilling og vedtak av ny kommunedelplan for kulturminne.

- **Særmerkte stølsområde**

Vedtekne arealdelplanar har hatt fokus på å ivareta gamle, særmerkte stølsområde, med retningslinjer for vidare utvikling av stølane. Det er trong for å fornye retningslinjene og vurdere på ny kva stølar som framleis har dei kvalitetane vi er ute etter. I framlegget til kommunedelplanen for kulturminne er dette eit av tiltaka i handlingsdelen.

Planbehov:

Gjennomgang av stølane i kommunen for å få ein avklaring på kven som skal ha status som særmerkte stølsområde, og omfattaast av omsynssone i kommuneplanen.

5.7. Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

- **Folkehelse**

Folkehelselova stiller strenge krav til kommunal planlegging, bygd på vurdering av dei utfordringar kommunen har. Med det vedtekne «Kunnskapsdokumentet for folkehelse» som bakteppe, meiner Helse- og sosialutvalet at det er trong for ein revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel slik at satsing og prioritering innanfor folkehelse vert meir målretta, konkret og gjennomgåande på alle tenestoområde og på overordna nivå.

Planbehov:

Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

- **Helse og omsorg**

Samhandlingsreforma krev så mykje av kommunal planlegging og prioritering at det er behov for å lage ein samla plan for helse- og sosialetaten. Denne planen var også omfatta av gjeldande planstrategi, men har ikkje blitt utarbeidd på grunn av manglande kapasitet i etatsadministrasjonen. Helse- og sosialutvalet prioriterer tillaging av kommunedelplan for helse, sosial og omsorg i komande planperiode.

Behovet for planen er grunngeve i befolkningsstatistikken - som syner ei sær stor auke i tal eldre, ei rekkje stortingsmeldingar og utgreiingar siste åra og at det i tillegg er signal i statsbudsjettet om krav som vil kome til kommunane på fleire tenestoområde. Kommunen har ulike fagplanar som ikkje har blitt oppdatert i påvente av denne kommunedelplanen.

Planbehov:

Utarbeiding av ny kommunedelplan for helse, sosial og omsorg.

- **«Utanforskap»**

«Utanforskap» er nemning på menneske eller grupper som står på utsida av fellesskapet. «Utanforskap» er eit strukturelt samfunnsproblem som har store konsekvensar for den enkelte. Særleg tre grupper blir råka av utanforskap på arbeidsmarknaden; unge, innvandrar og personar med nedsett funksjonsevne. Utfordringane knytt til «utanforskap» er tverrsektorielle, noko som talar for å vurdere tema i ein eigen plan.

Planbehov:

«Utanforskap» skal anten omfattast av eigen plan eller innarbeidast i kommunedelplan for helse- og omsorg.

- **Bustadområde**

Det er ei svak auke i folketalet i Stryn. På skulekrinsnivå kan ein nemne at Loen og Tonning har hatt ein solid vekst i folketalet, medan Oppstryn, Utvik og Rand har hatt ei negativ utvikling. Det er ledige bustadtomter i mange bygdelag, men ofte ligg ikkje desse der folk ønskjer å busette seg. Dette fører til mange dispensasjonssaker, noko som er sær uheldig.

Planbehov:

Vedtak av kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, der det er lagt til rette for fleire nye bustadområde.

Revisjon av dei kommunedelplanane der behovet for nye bustadområde er størst.

- **Kommunedelplan for vassforsyning**

Arbeidet med revisjon av kommunedelplan for vassforsyning er starta opp i 2016, og er planlagt lagt fram for vedtak hausten 2016. Føremålet med planen er å få oversikt over utfordringar og naudsynte tiltak innan vassforsyninga, gje oversikt over naudsynte planoppgåver og rammer for seinare detaljplanlegging av tiltak og gje grunnlag for vurdering av finansiering og gebyr.

Planbehov:

Revisjon av kommunedelplan for vassforsyning.

- **Drikkevatt**

Stryn kommune har mange drikkevasskjelder i form av innsjøar, elvar og grunnvatn. Fleire av desse er ikkje tilstrekkeleg verna mot inngrep og bruksmønster som kan gjere vatnet ueigna som drikkevatt, eller krevje uhensiktsmessig dyre løysingar for å reinse vatnet. Sektorutval for tekniske saker har innspel om at det bør leggjast omsynssoner med føresegner til drikkevasskjeldene.

Planbehov:

Revisjon av hovudkartet.

- **Avløp**

Sektorutvalet for tekniske saker har innspel om at det bør utarbeidast ein ny samla kommunedelplan for avløp som tek opp i seg tidlegare vurderingar, gjennomførte tiltak og konsekvensar av nye krav. Ein må her sjå på tidlegare utarbeidd kloakkrammeplan, sist utarbeidd i 1988, og saneringsplan for avløp frå 1995. Det vil også vere naturleg å sjå på etablering av eit kloakkreinseanlegg for Stryn sentrum.

Planbehov:

Ny kommunedelplan for avløp.

Vedtak av kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, der det er lagt til rette for etablering av eit kloakkreinseanlegg for Stryn sentrum.

- **Vikane oppvekstsenter**

Skule- og kulturutvalet har innspel om at Stryn kommune må vurdere å sikre areal til ei eventuell utbygging av barnehagen i Innvik. Dette med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak om å utgreie oppvekstsenter i Vikane, lokalisert i Innvik. Om utgreiinga syner behov for å byggje ut lokale i Innvik må det sikrast areal til slik utbygging.

Planbehov:

Kommunedelplan for Vikane.

- **Tonning skule og Stryn ungdomsskule**

Framskrivningar av folketalet i Stryn kommune syner ei folketalsauke, primært Stryn sentrum. Skule- og kulturutvalet har innspel om at det difor må vurderast om det skal sikrast areal til å byggje ut Tonning skule, eller vurdere om ei vidare utbygging av barneskulen for Stryn sentrum skal skje andre stader. Eit alternativ kan vere å flytte elevane på barnetrinnet til noverande ungdomsskule, og gjere Tonning skule om til ungdomsskule. Ved desse alternativa vil arealbehovet vere større enn det skulane har i dag.

Planbehov:

Vedtak av kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde, der det er lagt til rette for ei utviding av Stryn ungdomsskule.

- **Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv**

Kommunedelplanen er eit styringsreiskap for å oppnå dei målsetjingane kommunen har innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. For at eit anlegg skal kunne søkje om spelemidlar må anlegget vere med i vedteken plan og prioritert i planen sin handlingdel, jf. krav frå Kulturdepartementet. Arbeidet med revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er starta opp våren 2016.

Planbehov:

Revisjon av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

- **Kommunedelplan for kultur**

Kommunedelplanen for kultur er eit styringsreiskap for å oppnå dei målsetjingane kommunen har for kulturområdet. Planen er eit verktøy for det daglege kulturarbeidet og synleggjer kommunen sin politikk for utvikling og satsing innanfor kulturfeltet. Skule- og kulturutvalet har innspel om at denne planen skal reviderast i 2017.

Planbehov:

Revisjon av kommunedelplanen for kultur.

6. Prioriterte planoppgåver 2016-2020

6.1. Kommuneplanen – samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke i 2013, og har eit tidsperspektiv på 12 år (2013-2024). Planen er framleis relevant og dekkande for den planlegginga og dei utviklingsoppgåvene kommunen skal løyse. Største endringa i utfordringsbildet, er knytt til innvandring og integrering. Dette er ei tverrsektoriell utfordring som bør ha fokus både i arealdelen og i tematiske kommunedelplanar.

Ut ifrå kommunen sine utfordringar knytt til revisjon av samfunnsdelen vil planbehovet kunne løysast i ein kommunedelplan for helse, sosial og omsorg. Dette tilseier at vi bør prioritere ein eller fleire arealdelplanar fram føre samfunnsdelen i komande planperiode. Det er difor ikkje lagt opp til ein revisjon av samfunnsdelen.

Handlingsdelen blir rullert kvart år saman med økonomiplanen.

6.2. Kommuneplanen - arealdelen

Med bakgrunn i dei utfordringane kommunen har og tilhøyrande planbehov er det gjort ei prioritering av kva for delar av kommuneplanen sin arealdel som skal reviderast, etter at kommunedelplan for Langeset-Stryn-Storesunde er vedteken.

Det blir vist til kap. 2 som viser status for eksisterande planar og kap. 5 som skildrar planbehovet. Framlegg til inndeling av delplanområde i arealdelen står i kap. 5.1. Prioriteringa er sett med utgangspunkt i kva for planbehov dei ulike delområda har.

Kommunedelplanar 2016-2020, i prioritert rekkefølge:

1. Kommunedelplan for Mindresunde-Hjelle
2. Kommunedelplan for Vikane
3. Kommunedelplan for Nordsida
4. Kommunedelplan for Loen
5. Hovudkartet

I samband med prioriteringa er behovet for nye bustadområde vekta høgt, i tråd med samfunnsdelen sin målsetjing. Etterspurnaden for nye bustadområde er, utanom Stryn sentrum, størst på Hjelle og i Utvik. Bakgrunnen for at kommunedelplanen for Mindresunde-Hjelle er prioritert fyrst er at det ikkje er tilgjengelege tomter på Hjelle. Her har kommunen, både administrativt og politisk, hatt fleire møte med aktørar frå Hjelle som har peika på behovet for areal til bustader. Kommunen har med bakgrunn i dette fått tilbod om skredfarevurdering. For Vikane vil kommunedelplanen for E39 Byrkjelo-Grodås legge viktige premisser for arealbruken. Denne skal etter planen vere ferdig i 2018.

I tillegg er det eit planbehov knytt til Rv. 15 Strynefjellet og vegarm ned til Geiranger, jf. kap. 5.4. Samferdsel og infrastruktur. Kommunedelplan for Opplendskedal-Strynefjellet blei starta opp i 2015. Planen er ikkje teke med i prioriteringslista. Årsaka til dette er at det er usikkert når planen skal gjennomførast, i og med at trasé for veglina ikkje er bestemt, og at det ikkje er avklart kor mykje Stryn kommune skal involverast i utarbeiding av planen. Det er avtalt at Stranda kommune er ansvarleg for vidare framdrift av planprosessen.

6.3. Tematiske kommunedelplanar

Nokre sektorar har påbod om plan etter særlov, for nokre tilskotsordningar er det eit vilkår at anlegga er prioritert i kommunedelplanen for å få søknadsrett, medan det for nokre tema er opp til kommunen å vurdere behovet for ein plan.

Følgjande planar er starta opp i 2016, og vil bli lagt fram for vedtak i 2016/2017:

- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle
- Kommunedelplan for vassforsyning
- Kommunedelplan for kulturminne

Oversikten syner planlagd utarbeiding/revisjon av dei tematiske kommunedelplanane i perioden:

	2016	2017	2018	2019	2020
Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2013-2016	Rev				
Kommunedelplan for vassforsyning 2011-2020	Rev				
Kommunedelplan for avløp		Ny			
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2013-2016	Rev				
Kommunedelplan for kultur 2013-2016		Rev			
Kommunedelplan for oppvekst 2014-2024			Rev		
Kommunedelplan for helse-, sosial og omsorg		Ny			
Kommunedelplan for kulturminne	Ny				
Energi og miljøplan Stryn kommune 2009-2013				Rev	
Kommunedelplan for breiband		Ny			

6.4. Reguleringsplanar

Den kommunale planstrategien er i hovudsak knytt til kommuneplanen og kommunedelplanar, men kan også omfatte ein prioritering av viktige reguleringsplanar.

Detaljreguleringsplanar blir i stor grad utarbeidd av private aktørar, der administrasjonen står for sakshandsaminga før politisk avgjerd. Planstrategien omfattar berre dei reguleringsplanane som blir utarbeidd av Stryn kommune.

Følgjande reguleringsplanar er under utarbeiding (i kommunal regi):

- Detaljregulering Leitekvia-Solvik
- Reguleringsendring innanfor planar for Olden Terminalområde og Oldenleirane, detaljregulering
- Detaljregulering Nordsida kyrkjegard

Med bakgrunn i kap. 5 Utfordringar kan ein sjå at det i tillegg er behov for tre reguleringsplanar, der det kan vere aktuelt at Stryn kommune er oppdragsgjevar, i uprioritert rekkefølge:

- Områderegulering for Tystigen, jf. kap. 5.5. Verdiskaping og Næringsutvikling, Sommarskiseret på Tystigen.
- Detaljregulering for Stryn sentrum sør, jf. kap. 5.3 Tettstadsutvikling, Stryn sentrum.
- Detaljregulering for bustadområde på Tonningkamben, jf. kap. 5.7 Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø, Bustadområde.
- Detaljregulering for bustadområde i Bø, jf. kap. 5.7 Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø, Bustadområde.

Lista er ikkje uttømande. Prioritering av gjennomføring vil avhenge av mange faktorar, som til dømes av vedtak av kommunedelplan Langeset-Stryn-Storesunde og grunninnløyising for dei nye bustadområda.

6.5. Utgreiingar

Utgreiingsarbeid kan vere omfattande, og krevjer ein del planressursar i tillegg til evt. midlar til konsulentar. Prioritering av dette må difor vurderast i samanheng med andre planoppgåver.

I kap. 5 Utfordringar er det peika på fleire utgreiingsbehov som er ført opp som prioriterte utgreiingar i perioden 2016-2020 (ikkje prioritert rekkefølge):

Følgjande utgreiingar vil krevje konsulentbistand, i tillegg til oppfølging frå kommunen:

- Prosjekt vedrørande klimavennleg areal- og transportplanlegging, jf. kap. 5.2 Klima og energi, Klimaendringar. Det vil bli søkt om økonomisk tilskot frå Miljødirektoratet.
- Strategisk næringsplan med kommunen sine prioriterte satsingar 2017 – 2027, jf. kap. 5.5 Verdiskaping og næringsutvikling, Næringsutvikling.
- Utgreiing som vurderer eksisterande hovudanlegg for skyting og eventuell ny plassering, jf. kap. 5.5 Verdiskaping og næringsutvikling, Hovudanlegg for skyting.
- Utgreiing av kvikkleireutfordringar i og nær Stryn sentrum, jf. kap. 5.3 Tettstadutvikling, Stryn sentrum.
- Gjennomføre skredfarevurderingar, jf. kap. 5.6 Natur, kulturmiljø og landskap, Ras- og skredfare.

Følgjande utgreiingar vil i stor grad gjerast av Stryn kommune:

- Samla plan for skogsvegar og framtidig prioriterte område for skogbruk, jf. kap. 5.5 Verdiskaping og næringsutvikling, Skogplan.
- Kartlegging og verdisetjing av dei viktigaste friluftslivområda i Stryn kommune, jf. kap. 5.6 Natur, kulturmiljø og landskap, Friluftsliv.
- Gjennomgang av stølane i kommunen for å få ein avklaring på kven som skal ha status som særmerkte stølsområde, og omfattast av omsynssone i kommuneplanen, jf. kap. 5.6 Natur, kulturmiljø og landskap, Særmerkte stølsområde.